

Referat frå møte med lag og organisasjonar 15.01.2024

Møterom Hundorp, kl. 18:00-20:00

Til stades:

- Harpefoss hotell/kunstarena, Eivind Slettemeås
- 4H, Astrid Sivertsen
- Harpefoss skulemusikk, Wenche Løfsgaard og Pål Erik Bjørke
- Fossajazz, Simen Rolstad
- Sør-Fron idrettsråd, Kristin Sagranden
- Sør-Fron IL, Karen Anna Bredeveien
- Per Gynt teaterlag, Wenche Blix Rudi
- Hundorp musikklag, Marthe Dybos
- Harpefoss IL, Tormod Myrvang

Frå Sør-Fron kommune møtte:

- Prosjektleder Sør-Fron skule, Per Ivar Dahlum
- Kommunalsjef for oppvekst, Eivind Lund
- Dagleg leiar Fron badeland, Stian Stø Dørum
- Tenesteleder for kultur og kommunikasjon, Bjørn K. Sletten

Møtet vart innleia med presentasjonar frå kommunalsjef for oppvekst Eivind Lund og prosjektleder for ny skule, Per Ivar Dahlum.

Deretter var ordet fritt, og representantar frå dei ulike laga kom med sine synspunkt på korleis skulen kan byggast på ein slik måte at det blir attraktivt og lettvinare for lag og organisasjonar og nytte seg av skulelokalane på eftas- og kveldstid, og korleis skulen kan bli den møteplassen i bygda, som kommunen ønskjer at den skal bli. Dei kommenterte også kva deira konkrete behov er.

Samtala er forsøksvis oppsummert under her:

Kven	Innspel	Oppfølging/ansvar
Harpefoss hotell/kunstarena, Eivind Slettemeås	Spurte om det er tenkt at skulen skal innehalde ei «storstue», eller atrium/amfi. Ein bør tenke ein anna form for samlingsrom enn kulturhuset (slik det er i dag). Foajeen fungerer heller ikkje spesielt bra i dag. Eit bra venteareal er viktig. Spurte om kva som er tenkt når det gjeld utsmykking/kunst i prosjektet så langt, og oppmoda kommunen til å få kunstnarar inn på eit tidleg (nok) stadium. Det er lettare å søkje eksterne midlar når ting er i prosess.	Kommunen har set av midlar i byggherrebudsjett til kunst. Det blir lagt opp til interne drøftingar om korleis desse midlane skal innrettast.
4H, Astrid Sivertsen	Spurte om det er tenkt uteundervisning i den nye skulen.	

	<p>Når 4H har møte er det behov for både å lage mat, handverksting og gym-aktiviteter. Gjerne både inne og ute.</p>	
<p>Harpefoss skulemusikk, Wenche Løfsgaard og Pål Erik Bjørke</p>	<p>Bruker Harpefoss skule i dag, og vil miste sine lokalar når denne skal avhendes som kommunal eigedom. Dei har fleire lager (lager for uniformer), instrumentlager på loftet – instrument og noteark etc i tilknytning til gymsal.</p> <p>Dei peikar på at kulturhuset (kulturdelen i hallen) ikkje er eigna for musikk, og ikkje er eit godt lokale. Det å bruke arealet her vil også kome i konflikt med idrettsaktivitet. Skulemusikken håpar å få eit godt øvingslokale i den nye skulen.</p> <p>Dei har behov for lager i tilknytning til øvingslokale – trommesett/perk/noter og instrument. Dei kan ha fjernlager i ein kjellar for eksempel.</p> <p>Dei har også behov for tilgang til lokalar for matsservering i tilknytning til øvingslokalar, men avgrensa frå sjølve øvingslokala.</p> <p>Dei arrangerer m.a. HOKK, som er eit storkorps for Innlandet. Her er det også overnatting på klasserom, noko som er viktig for økonomien i musikken.</p> <p>Viktig å tenkje på lyd. Akustiske plater – standarder for øvingsrom etc (sjå vedlegg) –</p> <p>Dei hadde vore lykkelege om dei hadde hatt tilgang til piano. Har også behov for å dele i grupper.</p> <p>Redd for at ventilasjonsanlegg skal skape mykje lyd (forstyrrende).</p> <p>Veldig fornøgd med Matstuggu (funksjonen), i tilknytning til eit øvingslokale.</p> <p>Viktig å skjerme lyd idrett og musikk frå kvarandre. Ikkje gunstig å ha øving i eit opent lokale der andre går gjennom for å kome til idrettshall for eksempel.</p> <p>Foreslo å sjå på moglegheit for buldrerom.</p> <p>Spørsmål om idrettslaga får moglegheit til å seie noko om bruk av areala ute? Kan vera med å underbygge aktiviteten i laga.</p>	<p>Sjå også eget notat frå skulemusikken</p>

		Prosjektleiar koplar på idrettslaga saman med landskapsarkitekt.
Fossajazz, Simen Rolstad	<p>Fossajazz har også øvingar på Harpefoss skule, og har forøvrig mykje av dei same ønska som skulemusikken.</p> <p>Det ideelle hadde vore auditorium – kulturhuset blir for stort – ikkje eit godt lokale.</p>	
Sør-Fron idrettsråd, Kristin Sagranden	<p>Ønskjer eit «venterom» for foreldre under idrettsaktivitet. Eit litt «opent» rom – a la Matstugu, der ein kan trakte kaffe etc. Ein møteplass.</p>	
Sør-Fron IL, Karen Anna Bredeveien	<p>Peikte mellom anna på plassering av mat og helse/kjøken.</p> <p>Ved større arrangement er det viktig å ha tilgjengeleg kjøken.</p> <p>Dei prøver å ha ein del samkjøring av alderstrinn på trening – da kan ein ha foreldremøter når det er treninger. Da må ein ha plass til foreldregrupper – må ha plass til større grupper. Må vera eit ålreit, godt møterom disp for foreldregrupper. Opptatt av at skulen må ha ulike «hengeområde» som kan nyttast utanom skuletid, slik at til dømes ungar og ungdom får fleire gode opplevingar ved å vera på skulen.</p>	
Per Gynt teaterlag, Wenche Blix Rudi	<p>Det er for tungvint å ha større produksjonar slik kulturhuset er innretta i dag. Meiner det går an å kombinere skuleareal med areal som teaterlaget (og andre) kan bruke på eftas- og kveldstid, til dømes prøvesal. Treng ikkje eit rom for kvar aktivitet.</p>	
Hundorp musikklag, Marthe Dybos	<p>Har øvingar i Lidarende i dag, og blir nok verande der, men peikar på at det er viktig for skulemusikken med dei punkta dei har peikt på. Hundorp musikklag har i dag 50kvm lager.</p>	
Harpefoss IL, Tormod Myrvang	<p>Det er ein skule, men skal også brukas av oss som driv aktivitet. Viktig at bygget fortsatt blir like fleksibelt som i dag. Vi må også passe på at vi ikkje konkurrerer med kvarandre (eksisterande anlegg).</p> <p>Viktig å få samkjørt – ganske mange samanfallande behov.</p>	

Hundorp 19.01.2024

Referent, Bjørn K. Sletten